

PROTOKOLL

Ryfylkefondet

Møtedato: 20.08.2020

Utval: Ryfylkefondet

Møtestad: Digitalt møte i Teams

Tid 09:00 – 10:15

Til stades: Marianne Chesak, Gerd Helen Bø, Asbjørn Birkeland, Bjørn Laugaland, Stanley Wirak, Irene Heng Lauvsnes og Geir Ims

SAKLISTE

25/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

VEDTAK:

Saksliste og innkalling blei godkjent – samrøystes

26/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 11.06.20

VEDTAK:

Protokoll frå førre møte blei godkjent - samrøystes

27/20 SØKNAD OM STØTTE TIL SPEIDERNES LANDSLEIR 2022

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver kr. 300.000,- i støtte til speidernes landsleir, som skildra i søknad på vilkår av at Ryfylkelogo kjem tydeleg fram i det materialet som produserast.

Drøfting:

I drøftinga blei betydninga av, og ønskje om god marknadsføring understreka. Dagleg leiar tek kontakt med søker for å sjå om det kan gjerast tiltak som støtter opp om denne målsettinga. Gjerne saman med Ryfylkealliansen og/eller Reisemål Ryfylke.

VEDTAK:

I samsvar med tilråding med tillegg om at Ryfylkefondet går i dialog med arrangør med omsyn til positiv profilering av regionen - samrøystes

ORIENTERINGS- OG DRØFTINGSAKER

- a. Rekneskap pr. 30.06.2020
- b. Oversikt løyvde midlar
- c. Oversikt ikkje utbetalte løyvingar
- d. Ny organisering og ny avtale for Ryfylkefondet

VEDTAK:

Styret tok pkt. a, og b til vitande og ba om at ei oppfølging på eldre (c.) løyvingar fram til neste møte. Herunder kopi av låneavtale med stiftelsen Prekestolen og vedtak i sak Espedal Frafjord - samrøystes

På sak d, blei samarbeidsavtalens § 4 pkt 2 og 5 drøfta samt § 5 pkt 3.

Problemstillinga er at alle deltakarane med unntak av Sandnes kommune meinar at det ikkje er noko formelt hinder for å halde fast på modellen om at dette er eit regionalt kraftfond med tydeleg geografisk avgrensing som verken følger fylkes- eller kommunegrenser.

Fleire utgreiingar og fleire liknande avtaler slår fast at kraftinntekter kan nyttast der inntektene vert skapt og at det på dette punktet er avtalefrihet, og når det gjeld i samband med kommunesamanslåinger.

Kommuneadvokaten i Sandnes meinar at fondet sitt geografiske virkeområde må gjelda for heile Sandnes kommune.

Alle deltakarar ønskjer å kome i mål med dette, men Stanley Wirak ser det vanskeleg å sette fram forslag til avtaletekst som ekskluderer deler av kommunen når kommuneadvokat meiner at det må gjelda heile kommunen, samstundes som at dette går i mot KS i Sandnes sitt vedtak. Stanley sette fram følgjande forslag:

Legge til i avtalens § 4 pkt. 2 «Fondsmidlane skal nyttast til utviklingstiltak for å sikra og auka busetting i Ryfylke regionen i kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand og Sandnes.- andre setning står og pkt. 5 strykast i sin heilheit»

Dei andre medlemmene i styret responderte med at deira kommune har gjort vedtak som bygger på premissene til vedtaket i Fylkestinget og som igjen bygger på den innretting og modell som fondet har hatt frå starten av med ei tydeleg geografisk avgrensing.

Det koker derfor ned til spørsmålet om det er tilstrekkeleg politisk vilje til oppretthalde eit geografisk avgrensa kraftfond med Sandnes som deltakar utan at nedslagsfeltet primært er heile Sandnes kommune eller heile Rogaland fylke.

Styret blei derfor samde om:

Dagleg leiar tar initiativ til eit snarleg møte med kommuneadvokat i Sandnes kommune og advokat for Rogaland Fylkeskommune for å avklare moglege juridiske problemstillingar og sjå om ein kan einast om ei formulering som er formelt korrekt. Marianne Chesak, Asbjørn Birkeland og Stanley Wirak blir invitert til å delta på møtet.

Det blir eit Teams møte slik at dette vonaleg kan handsames hos deltakarane i løpet av september.

På avtalens § 5 pkt 3 var det semje om å endra ordlyden frå:

«Representantskapets medlemmer er ugilde ved behandling av søknader som gjeld eigen kommune», til:

«Representantskapets medlemmer er ugilde ved behandling av søknader der eigen kommune er søker» - samrøystes

29/20

YMSE

Det var ingen saker under ymse

Hjelmeland, 20.08.2020

**Geir Ims
dagleg leiar**

Ryfylkefondet